



Klart for friidrettstrening.

Friidretts-interessa i Uskedalen har teke seg opp i seinare tid, og med Kretsmeisterskap i friidrett på Husnes 5-7 juni i tankane ynskjer friidrettsgruppa å tilby friidrettstrening.

Tilbudet vil vera for born frå 4-10 klasse. Treningane vil i starten foregå i og ved hallen på mandagane 17.30-19.00, og første trening blir 12 januar.

Jostein Saghaug vil ta på seg treningane, men grunna turnusjobb treng han å få med seg nokon. Så om det er nokon som ynskjer å vera med å hjelpa til, så kan dei ta kontakt med han på tlf. 941 98 981. Er du i tvil om kunnskapane, så vil opplæring bli gitt.

Friidrettstrening er god trening som er bra for det meste ein driv med av idrett, og i tillegg til å kasta langt blir ein både spretten og rask.

Tekst og foto: Knut Johannes Ripel
Nett: Thor Inge Døssland